



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Rådhuset  
**Dato:** 12.03.2026  
**Tid:** Kl. 09:00 - 15:15

---

### Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde

Nils Jørgen Sagebø

Jorunn Petrine Frøyen

Magne Ivar Kjerpeset

Evy Merete Myklebust

Svein Olav Senneset

Kjell Sørland

### Parti

AP

AP

H

SP

V

V

VIP

### Andre som møtte:

Hilde Jenssen Midtbø

Håkon Welle Glomset

Karl Vidar Førde

Magnhild Myklebust

Randi Ytrehus

Tom Joensen

Vilde Senneset

### Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

### Underskrifter:

---

---

## Saksliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                                             |                 |
|----------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|
| 016/26         | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                         |                 |
| 017/26         | Godkjenning av møteprotokoll                                                                                  |                 |
| 018/26         | Orienteringssaker                                                                                             |                 |
| 019/26         | Drøftingssak                                                                                                  |                 |
| 020/26         | Referatsaker                                                                                                  |                 |
| 021/26         | Søknad om konsesjon gbnr 21/3                                                                                 |                 |
| 022/26         | Gnr. 98 bnr. 9 Klage på avslag på oppføring av dobbeltgarasje med biloppstillingsplass                        |                 |
| 023/26         | Detaljregulering Klausen Industrier handsaming for offentlig ettersyn                                         |                 |
| 024/26         | Planprogram for reguleringsplan for utdyping av farlei; Olaskjeret, Hornelsflua og Skaten, planID 4648.202501 |                 |
| 025/26         | Aktivitet for Bremanger sogenemnd 2026                                                                        |                 |
| 026/26         | Søknad om driftstilskot 2026 - Kystvegen Måløy - Florø AS                                                     |                 |
| 027/26         | Søknad om støtte frå næringsfondet - Kalvåg Fysioterapi og Trening                                            | Ikkje offentlig |
| 028/26         | Søknad om støtte frå næringsfondet - Rune Nordbotten                                                          | Ikkje offentlig |

## **016/26: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 12.03.2026 vert godkjende slik dei ligg føre.

## **Formannskapet 12.03.2026:**

### **Handsaming:**

To saker kom til i møtet, skal handsamast under orienteringssaker.

Etisk retningslinjer - svar på brev.

Besøkssenter - orientering om arbeid om er gjort.

### **FSK- 016/26 Vedtak:**

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 12.03.2026 vart godkjende slik dei låg føre, med desse saken ei tillegg under sak 18/26 orienteringssaker:

- **Etiske retningslinjer Bremanger kommune**
- **Besøkssenter**

## **017/26: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokoll for Formannskapet den 12.02.26 og Kommunestyret den 26.02.26 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

## **Formannskapet 12.03.2026:**

### **Handsaming:**

Merknad frå Kjell Sørland, VIP - møteprotokoll kst, Per Røys møtte i kst men står ikkje oppført som vara i møtet. Dette vert retta opp.

### **FSK- 017/26 Vedtak:**

Møteprotokoll for Formannskapet den 12.02.26 og Kommunestyret den 26.02.26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre, feil gjeldande vara som møtte i kst møte vert retta opp.

## **018/26: Orienteringssaker**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringssaker vert teke til vitande.

## **Formannskapet 12.03.2026:**

### **Handsaming:**

Rekneskap 2025, folketalsutvikling og sjukefråvær ved kommunedirektør ( presentasjon ligg ved i saka)

- Inntekter som forventa
- Skal ein fortsetje med rekrutteringspakken så krev det at ein har positive tal
- Ein må kutte med 3% i alle sektorane
- Positiv utvikling når det gjeld sjukefråvær

Nils Jørgen Sagebø, Ap stilte spørsmål om det er gjort avgjersle på kva ein skal nytte Langeneset barnehage til, det er det ikkje.

### **Besøkssenter Kolset**

- Dei er kome langt i arbeidet
- Har hatt møte med lag og organisasjonar
- Må vere funksjonelt og nøkternt

Svar gjeldande Etiske retningslinjer.

- Kommunen har motteke brev frå folkeaksjon mot Holmanset der dei stiller spørsmål om politikarar og tilsette sine ytringar i saker. Kommunedirektør har svara dette ut. Brevet frå kommunedirektør vart delt ut i møtet som ei orientering til politikarane.
- Ein tok opp kommunikasjonen som går føre seg i aviser/media gjeldane kommentarfelt, formannskapet er opptekne av at ein skal halde seg til sak dersom ein vel å kommentere.

### **Jubileum**

Den 16 mars er det 10 års jubileum på Svelgen omsorgssenter.

### **FSK- 018/26 Vedtak:**

#### **Samrøystes vedtak:**

**Orienteringssaker vart teke til vitande.**

### **019/26: Drøftingssak**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Drøftingssak vert teke til vitande.

## **Formannskapet 12.03.2026:**

### **Handsaming:**

Svelgen oppvekst.

Ordførar og kommunalsjef Karl Vidar Førde informerte formannskapet som styringsgruppe for prosjektet

Orientering frå Norconsult ved Joakim Myklebust

- presentasjon av behov for kulturskule og bibliotek ved å leggje dei på Svelgen oppvekst
- ved å leggje biblioteket til skulen vil det vere lettare tilgjengeleg for elevane ved skulen. Men ein bør ikkje integrere biblioteket i skulen då det er mange andre brukarar, ein må ha eigen inngong.
- det vart lagt fram kalkyle over seks ulike punkt: riving ungdomsskule, komplett rehabilitering barnetrinn, barneskule delvis rehabilitering, ny ungdomsskule, kulturskule og bibliotek
- formannskapet drøfta kva dei ynskja ein skal be om anbod på
- Nils Jørgen Sagebø, Ap, bemerka at det er lagt inn 0 kr til uteområdet på skulen, han meiner at ein må setje av ein sum til uteområdet
- Svein Olav Senneset, V, meiner at det må leggjast inn anbod på dette: riving ungdomsskule, komplett rehabilitering barnetrinn, barneskule delvis rehabilitering, ny ungdomsskule og kulturskule inn i Svelgen skule. Det var einingheit i formannskapet at ein ynskjer desse anboda.
- ein ynskjer eit forprosjekt som gjeld bibliotek og kulturskule i tilknytning til Svelgen samfunnshus.

Distrikssatsing i Vestland

- Samarbeidsavtale mellom kommune og Distriktsenteret Husbanken KS-Vestland Statsforvalteren i Vestland Vestland fylkeskommune
- Viktig å finne kva område i kommunen ein skal starte med når det gjeld bygging av bustadar, kor er det største behovet ?

### **FSK- 019/26 Vedtak:**

#### **Samrøystes vedtak:**

**Drøftingssaker vart teke til vitande.**

### **020/26: Referatsaker**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsaker vert tekne til vitande.

## **Formannskapet 12.03.2026:**

### **Handsaming:**

**FSK- 020/26 Vedtak:**  
**Samrøstes vedtak:**

**Referatsaker vart tekne til vitande.**

**021/26: Søknad om konsesjon gbnr 21/3**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren tilrår avslag på søknadane frå Kurt Ole og Thomas Senneset om overtaking av landbrukseigedom gbnr 21/3 med ein halvdel kvar, då det etter ei samla vurdering kjem fram til at det ikkje føreligg særlege høve for å fråvike utgangspunktet i konsesjonslova § 9 andre ledd om at konsesjon normalt ikkje skal givast når det oppstår sameige.

**Formannskapet 12.03.2026:**

**Handsaming:**

Søknad om konsesjon landbrukseigedom gnr 21 bnr 3, fellesframlegg formannskapet, foreslått av Jorunn Petrine Frøyen, Høgre

Søknad frå Kurt Ole Senneset og Thomas Senneset om konsesjon for overtaking av landbrukseigedom gnr. 21 bnr. 3 med ein halvdel kvar vert innvilga.

Formannskapet meiner at det i denne saka ligg føre særlege grunnar for å dispensere frå konsesjonslova § 9 andre ledd.

I den samla vurderinga har formannskapet lagt vekt på søkjarane si sterke tilknytning til bruket, ei god og gjennomtenkt grunngjeving for ønsket om overtaking gjennom sameige, dokumentert godt samarbeid mellom partane over tid, samt at løysinga er forankra i eit felles ønske i familien.

Formannskapet har òg lagt vekt på at det i praksis er få som ønskjer å overta småbruk i kommunen, og meiner at ei løysing som sikrar vidare drift og eigarskap i familien i dette tilfellet er ei god og føremålstenleg løysing.

Ordførar og sakshandsamar Vilde Senneset orienterte i saka.

Dette kom fram i saka:

- Kommunen er for strenge i denne saka, her bør ein gjere unntak.
- Ein må vere fleksible, dersom dei ikkje får konsesjon kan det føre til at det ikkje vert drift på gardsbruket.
- Viktig at ein handsamar alle likt og at ein fyl lova
- Det kan gje konsekvensar når ein skal handsame liknande saker i framtida dersom ein ikkje fyl regelverket
- Ein må vere sikre på at vedtaket ein gjer vil stå seg
- Sakshandsaminga i saka er god sjølv om ein kjem til ein annan konklusjon enn administrasjonen
- Ein må leggje vekt at det er særlege grunnar for at denne søknaden skal godkjennast, mellom anna at dette er ein ønskja prosess av både gamle og nye

eigarar av garden, og at det er einigheit i familien.

- Det vart lagt fram eit nytt felles framlegg frå alle partia i møtet

#### **FSK- 021/26 Vedtak:**

##### **Samrøystes vedtak:**

**Søknad frå Kurt Ole Senneset og Thomas Senneset om konsesjon for overtaking av landbrukseigedom gnr. 21 bnr. 3 med ein halvdel kvar vert innvilga.**

**Formannskapet meiner at det i denne saka ligg føre særlege grunnar for å dispensere frå konsesjonslova § 9 andre ledd.**

**I den samla vurderinga har formannskapet lagt vekt på søkjarane si sterke tilknytning til bruket, ei god og gjennomtenkt grunngjeving for ønsket om overtaking gjennom sameige, dokumentert godt samarbeid mellom partane over tid, samt at løysinga er forankra i eit felles ønskje i familien.**

**Formannskapet har òg lagt vekt på at det i praksis er få som ønskjer å overta småbruk i kommunen, og meiner at ei løysing som sikrar vidare drift og eigarskap i familien i dette tilfellet er ei god og føremålstenleg løysing.**

#### **022/26: Gnr. 98 bnr. 9 Klage på avslag på oppføring av dobbeltgarasje med biloppstillingsplass**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Klage frå Vidar Daviknes vert ikkje teken til fylgje og kommunen held fast på vedtak 25/10376 om avslag på oppføring av dobbeltgarasje med tilhøyrande biloppstillingsplass på dyrka jord. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland endeleg avgjersle.

#### **Formannskapet 12.03.2026:**

##### **Handsaming:**

Ordførar og sakshandsamar Vilde Senneset orienterte i saka.

- Kommunen legg seg på ei for streng linje
- Nye innskjerpa reglar seier at ein ikkje skal leggje beslag på dyrka mark
- Administrasjonen har lagt fram alternative område for plassering av garasje – tiltakshavar ynskjer ikkje dette
- Saka skal vidare til Statsforvaltar

**FSK- 022/26 Vedtak:****Samrøystes vedtak:**

Klage frå Vidar Daviknes vert ikkje teken til fylgje og kommunen held fast på vedtak 25/10376 om avslag på oppføring av dobbelgarasje med tilhøyrande biloppstillingsplass på dyrka jord. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland endeleg avgjersle.

**023/26: Detaljregulering Klausen Industrier handsaming for offentleg ettersyn****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 blir detaljreguleringsplan for Klausen Industrier, planID 202502, lagt ut til offentleg ettersyn.

**Formannskapet 12.03.2026:****Handsaming:**

Ordførar orienterte i saka.

Svein Olav Senneset, V- viktig at ein legg til rette for at næringsverksemdar får utvikle seg.

**FSK- 023/26 Vedtak:****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 blir detaljreguleringsplan for Klausen Industrier, planID 202502, lagt ut til offentleg ettersyn.

**024/26: Planprogram for reguleringsplan for utdjupeing av farlei; Olaskjeret, Hornelsflua og Skaten, planID 4648.202501****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Planprogram for detaljreguleringsplan for Farleiltak Florø – Stad, blir godkjent i medhald av plan- og bygningslova §4-1, 2.ledd, med følgjande føresetnader og endringar:

1 Vi legg til grunn at det skal gjerast det som er teknisk og økonomisk muleg for å avgrense ureining i samband med tiltaka, for å unngå dårlegare vassmiljø og skade på naturmangfald, herunder Vengane og Haukedalsholmane naturreservat.

2 Det må takast stilling til avgrensing av influensområde for tiltaka, slik at aktuelle tema blir tilstrekkeleg utgreidd i denne sona.

3 Det må opprettast dialog med akvakulturfirma og fiskarlag i samband med

konsekvensutgreiingsarbeidet

4 Eksisterande situasjon vedkomande akvakulturlokaliteten Marøyna oppdaterast.

5 Status for skipsvrak ved Olaskjeret rettast, og korleis ivaretaking av det freda skipsvraket kan sikrast, skal innarbeidast i planprogrammet.

#### **Formannskapet 12.03.2026:**

##### **Handsaming:**

Ordførar informerte i saka.

##### **FSK- 024/26 Vedtak:**

##### **Samrøystes vedtak:**

**Planprogram for detaljreguleringsplan for Farleiltak Florø – Stad, blir godkjent i medhald av plan- og bygningslova §4-1, 2.ledd, med følgjande føresetnader og endringar:**

**1 Vi legg til grunn at det skal gjerast det som er teknisk og økonomisk muleg for å avgrense ureining i samband med tiltaka, for å unngå dårlegare vassmiljø og skade på naturmangfald, herunder Vengane og Haukedalsholmane naturreservat.**

**2 Det må takast stilling til avgrensing av influensområde for tiltaka, slik at aktuelle tema blir tilstrekkeleg utgreidd i denne sona.**

**3 Det må opprettast dialog med akvakulturfirma og fiskarlag i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet**

**4 Eksisterande situasjon vedkomande akvakulturlokaliteten Marøyna oppdaterast.**

**5 Status for skipsvrak ved Olaskjeret rettast, og korleis ivaretaking av det freda skipsvraket kan sikrast, skal innarbeidast i planprogrammet.**

#### **025/26: Aktivitet for Bremanger sogenemnd 2026**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet støttar sogenemnda si prioritering av aktivitet i 2026 – produksjon av hefte om Grotle gamle kyrkjegard.

#### **Formannskapet 12.03.2026:**

##### **Handsaming:**

Ordførar og kommunedirektør informerte i saka.

##### **FSK- 025/26 Vedtak:**

##### **Samrøystes vedtak:**

**Formannskapet støttar sogenemnda si prioritering av aktivitet i 2026 – produksjon av**

**hefte om Grotle gamle kyrkjegard.**

**026/26: Søknad om driftstilskot 2026 - Kystvegen Måløy - Florø AS**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kystvegen Måløy – Florø AS vert gjeve kr. 100 000,- i driftsstøtte for 2026
2. Belastning kto. 251 5032 - næringsfond

**Formannskapet 12.03.2026:**

**Handsaming:**

Ordførar informerte i saka.

**FSK- 026/26 Vedtak:**

**Samrøystes vedtak:**

1. Kystvegen Måløy – Florø AS vert gjeve kr. 100 000,- i driftsstøtte for 2026
2. Belastning kto. 251 5032 - næringsfond

**027/26: Søknad om støtte frå næringsfondet - Kalvåg Fysioterapi og Trening**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kalvåg Fysioterapi og Trening v/ Ane-Jørgine Frøyen vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån.
2. Belastning kto. 251 5032 - næringsfond

**Formannskapet 12.03.2026:**

**Handsaming:**

Ordførar og kommunedirektør informerte i saka.

**FSK- 027/26 Vedtak:**

**Samrøysted vedtak:**

1. Kalvåg Fysioterapi og Trening v/ Ane-Jørgine Frøyen vert gjeve kr. 200 000,- i

**ansvarleg lån.**

## **2. Belastning kto. 251 5032 - næringsfond**

### **028/26: Søknad om støtte frå næringsfondet - Rune Nordbotten**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Rune Nordbotten vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med utbygging av hamnefasilitetar i Botnane
2. Belastning kto.251 5032 – næringsfond.

#### **Formannskapet 12.03.2026:**

##### **Handsaming:**

Ordførar og kommunedirektør informerte i saka.

##### **FSK- 028/26 Vedtak:**

##### **Samrøystes vedtak:**

1. Rune Nordbotten vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med utbygging av hamnefasilitetar i Botnane
2. Belastning kto.251 5032 – næringsfond.